

Vår ref.:  
26/02313-2

Vår dato:  
03.02.26

## Referat IDF møte - styresaker - 02.02.2026

**Tid og stad: Måndag 2.februar 2026, frå kl. 12.30 – 13.30, teams**

### For partane møtte:

#### Arbeidstakar:

|                       |                  |
|-----------------------|------------------|
| Øystein Backelin      | LO-Stat / NTL    |
| Nina Roskinn Harkstad | Akademikerne     |
| Gjert Anders Askevold | Forskerforbundet |
| Karl-Eric Melander    | YS -Stat / Parat |

#### Arbeidsgjevar:

|                  |                               |
|------------------|-------------------------------|
| Gunnar Yttri     | Rektor                        |
| Tage Båtsvik     | Organisasjonsdirektør         |
| Linn Melby Meyer | Seniorrådgjevar HR (sekretær) |

#### Forfall:

|                      |              |
|----------------------|--------------|
| Jan Ove Rogde Mjånes | Akademikerne |
|----------------------|--------------|

## Saker til styremøte 1/2026

### Vedtakssaker

#### **2/26-B – Årsrapport 2025 (kap. 1 – Styrets fråsegn)**

Rektor orienterte.

#### **3/26-B- Forslag til årsplan for internrevisjonen ved HVL for 2026**

Rektor orienterte.

Tillitsvalde viser til at det er positivt at HVL har internrevisjon og at vi har ei internrevisor som kan trekke fram aktuelle revisjonspunkt.

Akademikerne trekk fram at det er også viktig å ha merksemd på utvikling av den daglege drifta og andre saksområde som ikkje blir revidert. Dei presiserer vidare at det er viktig å følgje opp tilrådingane frå revisjonen.

Hovudverneombodet trekk fram problemstillingar knytt til praksisfeltet som no skal internreviderast, der ulike aktørar har ulik lovgjeving som gjer arbeidet med å få tak i nok praksisplassar for våre studentar til den utdanninga dei gjennomfører.

#### **4/26-B – Utviklingsavtale 2027-2030. Revisjon av strategi**

Rektor orienterte.

Forskerforbundet kommenterte to punkt. Til mål 1: Kva er berekraft i ei slik samanheng? Ønskjer at berekraft skal løftast tydelegare fram slik at det blir ei meir overordna del av aktiviteten og ikkje eit underpunkt. Til mål 2, Utdanning: Her er det eit stort fokus på utviklingsperspektivet, ønskjeleg å ha med det som allereie blir gjennomført.

Hovudverneombodet støtter at berekraft kunne ha vore løfta tydelegare fram.

Rektor viste til at berekraftsperspektivet er ein integrert del av all vår verksemd.

### **Orienteringssaker**

#### **O – 1/26 – Tildelingsbrev 2026**

Rektor orienterte.

#### **O – 2/26 – Evaluering av handlingsplan for berekraft ved HVL 2023 – 2026**

Rektor orienterte.

Tillitsvalde viser til eit ønskje om å gjere meir, og kunne utføre meir som institusjon. Det vert vist til at både handlingsplan og evalueringa er for kort, og ein manglar evaluering av alle hovudpunkta i handlingsplan.

Vidare meiner tillitsvalde at berekraft må tydelegare inn i strategien til HVL. Sjølv om berekraft er integrert i alt vi gjer, må det tydeleggjerast ut i organisasjonen og til studentane. Rektor viser til at det i det daglege arbeidet blir arbeidd med berekraft, men at dette også må sjåast opp mot andre omsyn.

Hovudverneombod stilte spørsmål om ein kan sette krav til energiøkonomisering inn i anbudsrundar til større aktørar? Rektor viser til at det er krav til berekraft inne i større offentlege anskaffingar ved HVL.

#### **O – 3/26 – Orientering om lokale forhandlingar etter HTA 2.5.1 for 2025**

Rektor orienterte.

Organisasjonsdirektør viste at protokollane med resultatet frå forhandlingane er sendt som eigne vedlegg til styret, men det ligg ikkje som eitt vedlegg i Opengov. Det burde ha vore nemnd i saksframlegget.

Tillitsvalde set stor pris på at saken er sendt opp til styret og viser til at det er interessant å sjå kva arbeidsgjevar tek ut av forhandlingane og kva arbeidsgjevar ønskjer å ta tak i vidare. Tillitsvalde ser fram til eitt godt samarbeid også framover i 2026.

NTL stiller spørsmål om kvifor uorganiserte ikkje er omtalt i saka? Organisasjonsdirektør viser til at vi ikkje har noko praksis for å dele opp resultatet fordelt mellom uorganiserte og organiserte, då arbeidsgjevar skal sjå på heilskapen i oppgjeret, men at ein kan informere styret om at uorganiserte er ein del av HTA 2.5.1 forhandlingane for Akademikerne og UNIO.

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen handskrivne signaturar.*